



Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/325 - 17/2234

Saksbehandlar:

Reidun Elin Johannessen

reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

06.02.2017

Evaluering av vurderingspraksis - skulane i Meland

Meland kommune har eit skuleadministrasjonssystem *Visma flyt skole* der vi skriv inn vurderingar, orden og åtferd og fråvær på kvar elev i kvart fag. Meland kommune var pilot på dette systemet.

Skulane bruker Visma Flyt skole som ein digital samarbeidsplattform for lærarane i vurderingsarbeidet i forkant av utviklingssamtaler. Tre av skulane (Meland ungdomsskule, Rosslund og Sagstad skule) har skuleåret 2016-2017 skrive vurderingar retta til elev og foreldre og opna for leseinnsyn til foreldre i forkant av utviklingssamtaler.

No skal vi evaluere denne praksisen, - elevar, foreldre, lærarar, skuleleiing, - og vil gjerne spørje foreldre i FAU om korleis de opplever utviklingssamtaler, tilbakemeldingar og vurdering i samarbeid med skulen. De kan gjerne spørje andre foreldre i klassen om innspel også.

Lovgrunnlag for skulane sitt vurderingsarbeid finn de i forskrift til opplæringslova:

- Undervegsvurdering i § 3-11
- Halvårsvurdering i fag for elevar § 3-13
- Foreldre samarbeid i grunnskulen – planlagt og strukturert samtale med kontaktlærer § 20- 3

Bruk gjerne vedlagt evalueringsskjema – «Ringstabekk-krysset». Kommunen ber om ei tilbakemelding frå FAU **innan fredag 31. mars 2017**. Innspel sendast til rektor ved den aktuelle skulen.

Med helsing

Reidun Elin Johannessen
skulefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:

Hovudtillitsvald i

Utdanningsforbundet i Meland